



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1 210 000 kroner til Lokal samfunnsutvikling i Aust-Agder

Aust-Agder fylkeskommune har som mål å styrke fylkeskommunen si rettleiarrolle og mobilisere og motivere kommunane til lokalt utviklingsarbeid.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Aust Agder fylkeskommune skal arbeide med:

- Utvikle regionalt kompetansesenter for bygningsvern. Senteret skal samle den eksisterande informasjonen om antikvarisk bygningskompetanse og stimulere til auka forståing og medvit rundt bevaring av bygningsarven i kommunane, som ressurs for å utvikle attraktive stader.
- Gjennomføre eit program som skal gje kommunane auka kunnskap om moglegheiter som finst internasjonalt for å styrke både levekår og regional/lokal utvikling.
- 10-årsplan for likestilling, inkludering og mangfald for å gi kommunane eit komparativt fortrinn både i høve til utfordringar knytt til levekår, rekruttering, vekst og utvikling av attraktive lokalsamfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00